



Det Kongelige barne- og familiedepartement  
Postboks 8036 Dep  
0030 Oslo

|                    |            |       |
|--------------------|------------|-------|
| BARNE- OG FAMILIED |            | AR.   |
| ARKIVNR:           | 33001      |       |
| 08 NOV 2005        |            |       |
| SAKSBEH:           |            | SIGN: |
| SAKSNR:            | 2005/03580 |       |

-061

Vår ref.:  
05/9232

Saksbeh.:  
KHE

Ark.:  
A10, &00

Dykkar ref.:  
200502756-/ACDS

Dato:  
02.11.2005

## FORSLAG TIL REVIDERT RAMMEPLAN - HØYRINGSUTTALE FRÅ SULA KOMMUNE

Vi vil med dette gi vår uttale til forslaget til revidert rammeplan for barnehagane.

### Først nokre generelle kommentarar:

- Vi meiner at planen har fått ei god, klar og kortfatta form som på mange måtar vil lette bruken av planen og gjere den meir tilgjengeleg både internt i barnehagane og elles.
- Vi ser det som sjølvstøtt at planen kjem ut på begge målføre. Samstundes er det særskild viktig at ein denne gongen legg vekt på å sikre at den nynorske utgåva er utforma av fagpersonar som har den kompetansen som må til for å kunne sjå til at ein nyttar eit godt og tenleg språk.
- Vi meiner at omgrepet *oppdragelse* bør lukast vekk alle/dei fleste plassane i planen sjølv om lova har dette omgrepet med, bør det nedtonast i planen. Vi meiner å sjå at *omsorg, leik og læring* er dekkjande omgrep som betre beskriv det planen vil fram til.
- Det er alt for lite lagt vekt på leik i planen. Omgrepet *leik* bør generelt inn langt fleire plassar i teksten for å gi signal om kor viktig leiken er for barna si utvikling og læring.
- Vi opplever at nummereringa i starten av planen er litt forvirrande.

### Kommentarar til dei ulike punkta i forslaget til revidert rammeplan:

#### 1.1 Innledning

- 3. avsnitt: Ny utforming av 3. setning: "Den skal også bidra til å se omsorg, leik og læring i et samfunnsperspektiv."
- Det bør også i innleiinga seiast noko om kven ein definerar som *personalet*. Har alle tilsette like mykje ansvar for "alt"?
- Vi ynskjer også at omgrepet *grenser* blir bytta ut med *rammer*.
- Siste punkt på side 5: Forskriften rette seg mot, der bør det kome med noko om andre samarbeidspartnere som helsetsjenesten, barnevern, PPT, skule m.fl.

Adresse:  
Postboks 280  
6039 LANGEVÅG

Telefon:  
Sentralbord: 70 19 91 00  
Saksbeh: 70 19 95 84  
Telefaks: 70 19 91 01

E-post:  
postmottak@sula.kommune.no  
Web:  
www.sula.kommune.no

Bankgiro:  
6545 05 10011  
Skattekonto:  
7855 05 15317  
Foretaksnr.:  
964 980 543

## Kapittel 1

- Første avsnitt: Kvifor er barnehagen eit *vefærdstilbod til foreldre*?
- I same avsnitt, stryk "...mot fysiske og psykiske skadevirkningar"
- Høyrer det som står om samiske barn under barnehagens overordna oppgåver? Kanskje dette kan flyttast ein annan plass, - ha ei eiga overskrift/eige område?

## Kapittel 2

### 2.1

- Her må leiken inn.
- Dersom leik skal ligge under omgrepet læring må dette komme tydlegare fram.

### 2.2

- Forslag til ny utforming av første setning: "Barn lærer gjennom alt de opplever og erfarer i samspel med andre menneske."

### 2.3

- Det er dei vaksne som har ansvaret for å legge til rette for barns medvirkning i barnehagen. Forslag til ny utforming av setning: Personalet må stimulere og oppmuntre barna til aktivt å gi uttrykk for sine tanker og meninger.
- Bør ikkje omgrepet "anerkjennelse" kome med her i denne samanheng, barns medvirkning handlar mykje om å anerkjenne deira opplevingar og meiningar.
- Siste avsnitt side 10: Her er det nødvendig å presisere at det er styrar og pedagogisk leiar som har ansvar for å søke, og å gi foreldrene nødvendig informasjon. Dette ansvaret ligg ikkje til heile personalet.

### 2.6

- Barnehagen sitt fysiske miljø **skal** utformast slik at alle barn får gode muligheter.....'
- Kan det vere rom for barnehagar med spesielle "intresser" t.d. friluftsbarnhagar?
- Det er litt utyldig om det skal eller bør stillast krav til det fysiske miljøet.

## Kapittel 3

### 3.1 og 3.2

- Kvifor bruke så mykje plass til å skrive om formålsbestemmelse, det står då i lova?

### 3.3

- Kva med samspel, sosiale ferdigheiter? Kor blir det av verdien av å kunne omgåast og samarbeide med andre menneske?

## Kapittel 4

- I staden for omsorg og *oppdragelse* bør ein nytte omsorg og *sosial kompetanse*! Eller berre *sosial kompetanse*?

## Kapittel 5

### 5.3

- Det er flott at det blir lagt vekt på at kvardagen skal vere prega av glede og humor, men samstundes må det vere rom for at barna også trygt kan vise andre kjensler som til dømes sinne og sorg.

### 6.1

- Det er svært positivt at fagområda har fått ei ny oppdeling og "nye" område har fått plass. Vi leggje spesielt merke til områda *Kropp, bevegelse og helse* og *Nærmiljø og samfunn*.

### 6.2

- Det er positivt med punkt som viser klart kva personalet har ansvar for. Det kan også vere ei god støtte i vurderingsarbeidet i barnehagen. Vi meiner punkta er godt formulerte.

6.5

- Vi saknar at IKT er med som eit eige viktig punkt. Digital kompetanse er ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene i den nye skulereforma, barna opplever bruk av ulike digitale verkty som ein viktig del av sin kvardag (tenk berre på gode, vanlege hjelpemiddel som mobiltelefonar og pcar) og det er å gå baklengs inn i framtida å ikkje ta dette på alvor. Vår nye reviderte rammeplan skal vere ein aktuell plan i mange år framover og vi veit sikkert at den elektroniske, tekniske, digitale utviklinga ikkje stoppar opp. Her må vi vere framridsretta og ikkje sidrumpa. Det held ikkje lenger å skrive eit vagt punkt om *tekniske hjelpemiddel*!

6.6

- Vi saknar ei utdjuping av kva ein legg i filosofi i denne samanheng. Omgrepet kan bli berre eit omgrep viss vi ikkje får fastlagt noko meir enn at det har noko med undring å gjere?

6.7

- Det er ikkje naturleg at punktet om samane skal gjelde alle barnehagar, det er langt frå ein del av kvardagen til dei fleste her i landet. Det blir kunstig at små barn skal lære om dette i alle barnehagar uavhengig av kvar dei ligg. For vårt vedkomande er det mykje større grunn til å lære om dei ulike folkeslaga som bur her i kommunen.

Med helsing

Olav Budal  
oppvekstsjef

  
Karin Håvik Eide  
Pedagogisk rettleiar